



Kultursjef Kristian Bringedal og saksbehandlar Johan Feet var til stades under behandlinga av namneforslaga, som gjekk svært så smertefritt føre seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen sin saksbehandlar Johan Feet må ha gjort ein god jobb, for politikarane fann det ikkje nødvendig å endra meir enn eitt namn i innstillinga hans då saka om nye vegnamn kom opp i forvaltningskomiteeen onsdag. Og endringa galdt ikkje ein veg i Uskedalen, men i Åkra.

Det var ingen debatt om saka i komiteen og namneforslaget for blant anna Uskedalen vart samrøystes vedteke. Dermed heiter vegane oppover "vår" dal Døsslandssido, Kjerlandssido, Hauglandsvegen og Muslandsvegen. Hauglandsvegen går frå gardsgrensa mot Haugland fram til gardsgrensa mot Musland og Muslandsvegen går vidare opp dalen.

Oppsitjarane på Haugland protesterte mot at heile vegen frå Hauglandkrysset og opp dalen skulle heita Muslandsvegen og dei vart altså høyrte av rådmann og politikarar.

Det same vart dei som kom med framlegg om Døsslandssido og Kjerlandssido i staden for Døsslandsvegen og Kjerlandsvegen, med den grunngeving at dette vil vera i tråd med daglegtalen.

Det vart vedteke nye vegnamn også i Omvikdalen, Seim/Guddal, Matre/Baugstranda og på Valen.

Av Ola Matti Mathisen